



Plan og byggesak  
Are Frøysland Grande  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/8784 - 22/93596

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
16.12.2022

## Fråsegn Galteråsen reguleringsplan og konsekvensar for landbruk med meir. Gbnr 137/19

Alver kommune, landbruk er i e-post av 24.11.2022 frå plan- og byggsak bedt om å gje uttale i høve kva konsekvensar stenging av veg i samband med utarbeiding av reguleringsplan for Galteråsen vil ha for landbruksinteressene.

Problemstillinga gjeld i fyrste rekkje gnr. 137, bnr. 19 som i dag driv med hjorteoppdrett i eit omfang av om lag 70 vaksne hjortar.

Gnr. 137, bnr. 19 og 2 har slikt areal (bnr. 2 og 19 vert å sjå på som ei driftseining) jf. gardskart.

Fulldyrka jord:	42,1 daa
Overflatedyrka jord:	25,9 daa
Innmarksbeite:	30,8 daa
Produktiv skog:	52,9 daa
Anna markslag:	29,5 daa
<u>Bustadar med meir:</u>	<u>14,5 daa</u>
Sum	195,7 daa

Om ein stenger vegen, vil det innebære ei meirkøyring for brukar av hjortefarmen kvar gong han lyt ned til delar av arealet sitt, på 4,34 tur-retur – sjå fig. 1-2 nedanfor/neste side.



Fig. 1. Synleggjer meirkøyring i km i høve dagens situasjon for gnr. 137, bnr. 19.



Fig. 2. Raud line syner meirkøyring ved eventuell stenging av veg inne på reguleringsplanområdet. Kjelde: Eigar av gnr. 137, bnr. 19.

#### Konsekvensar landbruk:

Føretaket (hjørtefarmen) er avhengig av å kome til arealet via vegen som det no er fremja forslag om å stenge. For å kome til området som ligg lengst vekk frå tunet, må brukar gjennom opptil 5 portar. Der det er hjort, må han lokka dyra med kraftfôr, for å halde dei unna porten slik at dei ikkje kjem i vegen for han, eller går gjennom porten til eit område dei ikkje skal vere. I periodar fell dette både tungvindt og dyrt.

#### Trafikkale tilhøve:

Alver kommune, landbruk har problem med å forstå at det er heldig å leie saktegåande, breie og dels uoversiktlege landbruksmaskiner ut or planområdet og inn på ein trafikkert veg.

#### Klima:

11.06.2014 vedtok fylkestinget Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 med nokre visjonar. Ny klimaplan skal vedtakast 14.12.2022. Ein av visjonane i gjeldande plan er at «Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22% innan 2020 i høve til 1991 og 40% innan 2030 i høve til 1991.

I planen, kap. 5 – Arealbruk og transport – er det slik vi les den, i kap. 5.2.1 2.avsnitt, lagt vekt på tiltak som reduserer trongen for biltrafikk minimalt (transport i høve landbruk må etter kommunen sitt syn, kome inn under denne kategorien «biltrafikk»). Vidare står det i kap. 5.2.4 «Restriktive tiltak mot biltrafikk må innførast i takt med utvikling av kollektivtilbodet». Med andre ord – transporten ved bruk av fossilt brennstoff, skal ned.

Ved å stenge vegen det her er tale om, går fylkeskommunen etter vårt syn mot sin eigen klimaplan då dei her legg opp til lenger køyring enn kva tilfellet er i dag. Kravet om å stenge vegen er eit steg i motsett retning.

Oppsummering:

Det er ikkje haldbart med tanke på den daglege drifta på hjortefarmen å stenge vegen då tilkomst i høve ærend til delar av innmarka vert forlenga med 4,34 km tur-retur i høve dagens situasjon. I periodar lyt drivar av hjortefarmen kome til areala fleire gongar per dag. Stenginga er heller ikkje i samsvar med klimamål for mellom anna Hordaland fylkeskommune. Vi torer stille spørsmål ved om dette òg er uheldig i høve trafikktryggleiken i området.

Konklusjon:

Om vegen må stengast, meiner vi den må stengast med bom slik at drivar av hjortefarmen kan opne bommen på ein slik måte at han slepp å gå ut av traktoren. Alternativt er å ikkje setje opp bom, men skilt med innkøyring forbode med unntak av landbrukstrafikk.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Plan og byggesak

Postboks 4

5906 FREKHAUG